

nyttiggjøre oss en del av de ugunstig beliggende myrer. Torvtjæren har dessverre i førkrigstiden vist seg vanskelig omsettelig. Går man til utvinning av brenselolja, vil denne betinge en pris som ligger langt over hva man sannsynligvis må regne at innført råolje i framtiden vil koste.

Resultatet av denne oversikt blir da at man har gjort erfaringer og forbedringer innen brenntorvindustrien i vårt land som ikke er uten betydning for fortsatt torvdrift, men noen løsning av «torvproblemet» er ikke oppnådd.

Vi har imidlertid det håp at de styrende makter har øynene åpne for betydningen av å holde torvproduksjonen i gang også i framtiden, og at omsetning og priser blir regulert slik at «problemet» for torvproduzentene blir løst.

SAU, BEITE, SKOGBRUK OG MYRDRYKING

Av fylkesagronom Arne Bu.

Det har vore sagt at beitesaka er ei av dei største saker som er oppe til framhjelp for jordbruket. Eg trur det er den største. Det er ei stor jordbrukssak, for eit godt beite gjev meir og billig fôr til husdyra, men det er og ei stor skogbrukssak, for vert beitespørsmålet løyst på ein rettvis måte, vert det til opphjelp og freding av skogen. Dette gjeld heile landet, men serleg Vestlandet og elles alle bygder langs kysten med sine store skoglause vidder. Her lyt ein seia at ein har ikkje makta å taka landet vårt i bruk.

I strevet med å nytta desse skoglause viddene på beste måte har det vore ymse meiningar, og det har arbeidd seg opp ulike meiningar mellom skogen og jordbruket sine menn. Statskonsulenten i skogkultur, W. Opsahl, melder at Jordvernkomiteen gjeng inn for tilplanting med buskfuru på desse store skoglause viddene, medan konsul Sundfør, Haugesund, meiner at dei delvis bør plantast til med skog, men elles nyttast til beite for villsau. Som studnad for det siste seier Opsahl «at resultatene av skogplantingen i de ytre strøk langs kysten er ikke videre tilfredsstillende». Og skogforvalter Solemslie, Sandnes, seier at mykje av jorda på desse lyngheiene er så simpel at det vert lite av skogplantinga.

Etter Jordvernkomiteen si oppgave er det 2,5 millionar dekar med lyngheier frå Rogaland til Nordland. På så store vidder skulle det vera plass til både beitebruk og skogplanting, dersom det vert rett tilskipa. Derfor er eg av same meining som konsul Sundfør: Ikkje anten-eller, men både-og.*)

*) Dette syn har også Jordvernkomiteen hevdet, kfr. bl. a. komiteens innstillinger nr. 1, 2, 6, 7, 8 og 9 (redaksjonens merknad).

Ein skogbruksmann sa ein gong at med den farten og med dei midlar ein rår over, treng ein tusen år før ein greier å plante til eit herad i Hordaland. Riktignok hadde dette heradet 36.000 dekar med lyngvidder. Enda om både farten og midla er fleirdubla no, så går det likevel så seint at vi har ikkje råd til å bia på det. Ein må imens bruka lyngheiene til beite.

Eg er forresten av den meining at hadde våre skogbruksmenn lagt sitt arbeid og nytta sine sparsomme midlar på å elska lauvskogen fram på Vestlandet, hadde ein vore kome lenger. Når eg ser på lauvskogen kor han kjem seg opp på Nord-Fonno like uti havgapet ved Selbjørnsfjorden og samanliknar dette med barskogplantefeltet på Arbø i Fitjar, så er skilnaden stor til fordel for lauvskogen. Men då eg er legmann her, skal eg ikkje koma meir inn på dette. Fylkesskogmeister Hødal meiner at lauvskogen på Vestlandet vil koma av seg sjølv, dersom han vart freda for beite. Det er sikkert rett, men det er berre ein feil med det, det tek slik tid. Det kunne kanskje ordnast på den måten at ein gjerde inn mindre felt til lauvskogplanting og så brukte det andre til beite.

Vi har hatt god hjelp av våre skogbruksfolk med å få til kulturbeite. Kulturbeita freder skogen og gjev husdyrbruket vårt mykje betre produksjonsvilkår. Det er ei stor vinning å få nok beite på 3 til 5 dekar istadenfor å bruka 140 til 160 dekar, og endå kan det vera mest svelt-ihjel. Kulturbeita løyser vanskaner med vår- og haustbeite for sauene og skaffar beite til feet som ikkje skal, eller som ein ikkje kan senda til fjells på gode somarsbeite. Med omsyn til vinterbeite står vi på same plassen. Og ein kan ikkje auka sauehaldet dersom ein ikkje kan skaffa meir vinterfôr utanom bøgarden. Derfor må ein taka til å driva beitekultur med lyng til vinterfôr til sauene. Berre i Hordaland har vi over ein million dekar hamn utan skog. Mykje av dette er lyngheier som var og er mangelfullt utnytta.

Etter ei utgreiing eg fekk av konsul Sundfør reiste eg til Skotland for å setja meg inn i skotsk lyngkultur. Sundfør, som var engelsk visekonsul, skipa til reisa for meg.

I Skotland likesom her har dei både gode og simple beiter, men dei nyttar alt. Lyngen veks opptil 600 m over havet. Om lag 400 m o. h. gjeng svartfjes-sauene på lyngbeite. Nede i låglandet gjeng dei store, kravfulle saueslag saman med korthornsfeet. Dei vassar i gras. Ein vert undren over kor godt husdyrbruket er tilpassa etter naturtilhøva.

Då røsslyngen er halden for ei god beiteplante for sauene, brenner dei lyngen, ikkje for å rydja han bort, men for å få ein fin, mjuk, næringsrik beiteleng. Lyngen veks til både av frø, stiklingar og rotskot. Etter brenninga sett ein helst pris på at lyngen skyt opp att av røtene, for då får ein tettaste lyngteppe. Vert lyngen for svær og gamal før ein brenner, kjem han ikkje att av røtene, han

kan ikkje setja rotskot. Dette tek ein omsyn til ved brenninga. Ein brenner såleis at ein ikkje skader røtene, men brenner likevel så grundig at ein får brent opp det meste av dei gamle lyngstar-torne, for dei riv ulla av sauene.

Lyngen skal brennast i turrver og turrfrost om vinteren og tidleg om våren før safta kjem i planta.

Er lyngen så svær og gamal at ein ikkje kan venta på at han kjem att ved rotskot, brenner ein gjerne større vidder med ein gong. Men då sett ein att ein teig med gamal frørisk lyng til «luvart» til det brende feltet, så vinden (den herskande vindretningen) kan føra frøet frå den gamle lyngen til den nybrende teigen. Ein brenner alltid når vinden er svak. Er lyngen svær og nedlagd, skal ein helst brenna mot legda, men unna vinden. Når lyngen er yngre, brenner ein flekkvis eller i striper etter feltet, 30—40 m breitt. Ein brenner slik forat temperaturen ikkje skal verta så høg at det øydelegg lyngrøtene, men og fordi ein då får teigar av god beitelyng spreidd over heile feltet. Når jorda er for turr, er ein redd å brenna, for då kan det også fata i jorda.

Er det høveleg våt myrhaldig jord, sett lyngen rotskot same våren som han er brend. Og frø som ligg uskadd att i den brende teigen spirer same somaren. Er jorda leirhaldig og turr, har lyngen vanskeleg for å koma att. Dersom lyngen er 2 tommer høg i 3. året på eit felt som det gjeng høveleg med beitande sau, er det bra. Ein vil gjerne at dei unge lyngskot skal verta avbitne, for då set dei fleire sideskot og gjev eit tettare og rikare beite. Er jorda god, vil lyngen i 4-årsalderen vera 5 til 6 tommer høg, og då toler han full beiting.

I det våte verlaget som dei har i Skotland og som ein har her, gror det lett gras på dei brende lyngteigane. Ein to-tre dagar etter brannen kjem det opp grassspirer. Av dei grasslag som då spirer først er blåtopp (*Molinia coerulea*), men det graset går snart ut. Som nr. to kjem heisev (*Juncus squarrosus*). Det er ei varig, god beiteplante for sauene. Deretter kjem ymse halvgras som *Carex caespitosa*, *C. praecox*, *C. panicea*, myrull (*Eriophorum vaginatum*) og bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*). Men det kan vera ymist med grasvokstere, alt etter jordkyn og væta.

Ein brukar serskilde lamper til å setja eld på lyngen med når ein driv på med lyngbrenning. Lampene er 75 cm lange med stoppekran for oljetilførsel. Med desse lampene går ein tvers over teigen og kveikjer i lyngen. Når det er store lyngfelt, må det vera stort mannskap til å halda elden innan visse grenser. Til dette arbeidet er ein rusta med 3 m lange flate bjørkesodlar. Sodlane er laga av ungbjørk. Mellom toppgreinene på bjørka stikk ein inn små bjørkegreiner og bind det til med hesjestreng. Med desse kostane gjeng to og to mann i lag på utkantene av feltet. Det første slaget med kosten greier ikkje sløkkja, berre døyva elden, difor må det andre slaget koma like atti det første. Vert det for lenge mellom det første og andre slaget, tek elden seg oppatt til det andre kjem.

I turrver må ein sjå vel etter at eld og glør er vel sløkkte, for det kan henda at elden tek seg oppatt berre av glør i sauegjødsla.

Lyngen vekst best om våren før han blømer og om hausten etter bløminga. Når lyngen vert avbiten av sauene, sett han ei mengd sideskot som er framifrå beite for sauene.

På dei skotske sauegardane har dei også store innkomer av å leiga veideretten på den skotske dalrjupa (*Lagopus cotia*) bort til rikfolk, for det syner seg at rjupa liker seg best der dei har sau. Der sauene beiter er lyngen fin og mjuk; og i sauegjødsla finn rjupeungane mat. Før hadde saueeigarane i Skotland ei årleg inntekt av opptil 18 millionar kroner i jaktleige.

Det er svartfjæssauen i Skotland som går på dei simplaste beita. Han går i beite på lyngen 4 til 500 m o. h. Sjeviotsauen derimot beiter sjeldan høgare opp enn 250 m o. h. Om hausten i oktober jagar dei saulamman ned i dalane på betre beite og jagar dei opp att om våren i april. Sauene gjekk ute heile året. I strenge vintrar måtte dei føre sauene både med høy, rotvokstrar og kraftfôr. Dei hadde høystakkar attmed beitefeltet, og krubbene laga dei av ståltrånett (not). Dei rulla ut heile strengbunten og la han i bugt etter lengda mellom ei dobbel rekkje av gjerdestolpar.

Då dei i Skotland likesom her hjå oss var plaga av sauesjukdomar og sume av desse sjukdomane dukka serleg opp på sume beite, hadde dei funne at det var ein stor føremun å brenna beita, for då vart beita reine for smittestoff. Her hjå oss vil det også vera bra å brenna beita for å få vekk lyngsjuka og delvis vass-sott på sauene.

Då dei i Skotland har drive med lyngbrenning sidan 1860-åra, har dei den aller beste røynsle om lyngkultur. Og då verlag og tilhøve elles er om lag dei same på vestkysten hjå oss, skulle skotsk lyngkultur også høva her.

Endå Skotland berre har ei flatevidd av 78.748 km² har dei mellom 6 og 7 millionar sau, medan Noreg har ei flatevidd av 320.000 km², har vi berre 1,7 millionar sau. Skotland har mykje sau, for dei har teke lyngheiene sine i bruk, og dei har ale seg til dyreslag som høver til naturtilhøva. Difor seier professor Wallace: Dersom Skotland berre visste kva nytte lyngen kan gjera, ville det vera det rikaste av dei tre landa — Irland, England og Skotland.

Vi har også eit saueslag som høver godt til å nytta dei store lyngviddene vi har. Det er villsauene eller den gamle norske sauene (*Ovis brahyura borealis* Pall). Professor Brinkmann kalte han for den «gjedehornede stenaldersau». Ja, den sauene høver betre for oss enn svartfjæssauen, for det er ein typisk lyngsau som gjer lite skade på skogen. Den gamle sauene var alt i forhistorisk tid eit av folket sine nyttigaste husdyr, for sauene gav kjøt, ull, mjølk og skinn og høvde som beitedyr for den fastbuande bonde likesåvel som for nomaden. Både i sagatida og lenge etter var husdyrbruket vårt oppbygd på beitebruk og snauføring om vinteren. Sauene høvde

godt til å nytta våre store beitevidder. I sagatida hadde ein utgangssmale eller villsmale på øyane på Vestlandet, og det er i erkebiskop Jon's kristenrett pålagt ulltidend på sau som gjekk på beite ute i øygarden. Så det er gamalt dette som konsul Sundfør strir for i dag å få villsmale på beite på lyngen på Haugesundshalvøya.

Før 1860 var det om lag berre den gamle stuttrompesauen og nokre tautrasauer som vi hadde her i landet. Riktignok hadde vi både før og i fyrstninga av det 18. hundreåret ført inn ein to-tre engelske saueslag, men det var gamlesauen som rådde grunnen. Den gamle sauen finst i mange land, men i ulike typer. Her i landet er også fleire typer av sauen. Restane av sauen som vi har i Hordaland er heller ikkje ganske einsarta. Frå gamalt hadde vi endå ein annan type av steinaldersauen. Den sauen er no døydd ut. Han merkte seg ut ved at han hadde bitte små øyrer som peikte nedover. I Hordaland sa vi at sauen var kuvutt.

Steinaldersauen som vi har i Hordaland i dag, merkjer seg ut ved at han har ein stutt, rund kropp, stutte, tunne øyrer som sitt noko langt frå einannan og peikar skrått opp og ut, har granne føter, stutt høgrest hals, stutt snau rompe, men sume typer har stutt, breid og lodi rompe. Dette er sams byggingstrekk for rasen. Men likevel kan det vera skilnad. Såleis er sume lubne og lågføtte, andre høgføtte.

Det vanlege er at sauene er kollute og verane hornute. Men det hender at det dukkar opp hornute sauer og kollute verar. Når sauene får horn, er dei trekanta, men små og minner om geitehorn. Derav navnet geitehornutte steinaldersau. Dei er også ulike ved at dei dukkar opp med mange leter eller fargar. Dei kan vera kvite, grå, gråblå med svarte toppar på felden, brunsvarte og glinsande svarte. Ein får ofte flekkute og stundom raude lam. Dei raude lamma skifter let om somaren. Dei er kvite om hausten. Villsauen er ein av dei beste mjølkesauer ein kjenner, og han er sers flink til å passa på lamma sine. Sauen beiter i flokk, så han er lett å gjeta.

Det ser ut til at landnåmsmennene har ført med seg ulike saue-typer på same måten som dei førde med seg ulike feslag. Men typene har også brigda på grunn av utval og livskår. I Hordaland har folket lagt seg etter ein kollut, finulla sau, og det ser ut til at dei har likt å halda oppe sauen sin givnad til fargebrigde.

Då Floki Velgerderson (Ravna-Floki) reiste til Island, førde han smale med seg frå Vestlandet. Men endå den islandske sauen er renning etter den norske, skil den seg mykje ut frå sauen vi har i Hordaland. Den islandske sauen er mykje større enn sauen vår fordi den har hatt mykje betre livsvilkår. På Island er det vanleg at både sauer og verar er hornute, og ullfelden på sauen har meir og lenger overull enn sauen i Hordaland. Ullfelden på sauen i Hordaland minner mykje om merinoblanda ull.

Så lenge vi hadde steinaldersauen inne i fjordane t. d. i Hardan-

ger, var sauene hjå oss også større, for der fekk den meir mat om vinteren og gode fjellbeite om somaren. Det vi har att av villsauene i Hordaland, har gjenget ute på øyane og for det meste sytt for seg sjølv både vinter og somar. Det har vore i snaueste laget med maten, og lamma har alt fyrste vinteren teke lam, så det om våren har vore ein heil del med lamma-lam. Dette har sett storleiken til sauene ned. Men sauene har passa seg inn etter desse livskåra på same måten som reinen på Hardangervidda. Vert sauene føra godt om vinteren og får gode somarbeite, gjev den no og ganske store lam. Såleis kom ein tvillingsau frå fjellet med eit saulam som hadde ei slaktevekt på 14,7 og eit verlam som hadde ei slaktevekt på 15,6 kg. Einslengde lam har vore oppe i 17,4 kg s.v. Dette er større lam enn vi får av sjeviotsauene her omkring.

I gamle dagar mjølka dei sauene. På den måten kom dei til å velja ut dei beste mjølkesauene på same måten som dei valde ut dei beste kyrne. Då det er den beste mjølkesauene vi veit om, har den også mykje større vekstenergi enn noko anna saueslag som vi har, for sauene er utvaksen på 7 til 9 månader. Hertil kjem at han gjev meir velsmaka kjøt og feitt enn dei fleste andre saueslag. Feittet er kvitare på let enn anna sauefeitt, det inneheld mindre oljesyre. Det er ikkje berre det at islendingen steller sauekjøtet sitt fint at folk likar det så godt. Det er like så mykje sauerasen å takka som gjev framifrå godt kjøt.

Til husfliden gjev villsauene ei fin glansfull ull, og skinnene er sterkare enn vanlege sauskinn. Skinnkvaliteten liknar meir på geit-skinne og høver til pelsverk.

Etter jordbrukstellinga i 1907, der hamn utan skog er oppført, har vi i Hordaland 1.131.345 dekar med beite, Rogaland har 1.592.825, Sogn og Fjordane 767.151 dekar og Møre og Romsdal 994.165 dekar beite. Etter jordbrukstellinga i 1918 har desse 4 fylke 37 % av beitevidda i landet. Ein har såleis plass for mykje villsau. Som beitedyr oppfører sauene seg likesom reinen. Kjem det snø, samlar han seg på avdriftehaugar, så han ikkje skal snø ned eller driva fast. Så snart sluttar å snø går sauene på leiting etter mat, og dei har medfødd givnad som reinen og merinosauene til å sparka snøen bort med framføtene til dei kjem på berr mark. Villsauene er frå naturen si sida utstyrt som eit framifrå beitedyr. På gode beite om somaren lagrar han opp store mengder feitt rundt innvollane. Dette er opplagsnæring til vinteren. Er sauene feit om hausten, greier han seg fint på lyngbeite om vinteren utan tilskotsfôr, dersom det ikkje kjem for mykje snø. Reinen legg opplagsnæringa, eller skjeldren som ein kallar det, på krossen, sauene legg feittet rundt innvollane.

Istadenfor å leggja i dvale som bjørnen og mange andre dyr, samlar villsauene mykje opplagsnæring om somaren på gode beite til livnæringsfôr om vinteren. Det er også andre saueslag som samlar opplagsnæring, til dømes tjukkrompesauene. I regntida, då

beitet er godt, svell rompa til sauen opp til ein stor feittklump. I turketida, når graset visnar vekk, lever sauen på rompa si. Den givnaden hjå sume av husdyra våre til å leggja på seg feitt på gode beite om somaren, som dei kan leva på om vinteren, har det vore teke for lite omsyn til i den seinare tid, medan det før var drive for vidt.

Då villsauene er ein utegangssau, klypper ein sauen berre ei vende om året, helst i slutten av mai. Felden er i to lag, over- og underull, tåg og tel som islendingen kallar det. Vert sauen for seint klypt om våren, røyter han felden. Han smet or hamen. Då villsauene er ein naturrase, let ein verane gå med saueflokkene både vinter og somar. Dei passar paringstida sjølve. Ein får ikkje vinterlam. Men saulamma sett ein inn om hausten forat ein ikkje skal få lammalam.

Endå den gamle sauen har mange gode givnader som det er verd å taka vare på, har han vore lite påakta her hjå oss, serleg fordi han er så liten. Sauene har passa seg til etter matbeten han har funne. Men det er ein sau som har givnad til å verta mykje større, berre han får nok mat. På Island er det same saueslaget mykje større. Vaksne verar kan ha ei slaktevekt på opptil 76 kg. Det er fleire årsaker til at villsauene vart utrydja på Vestlandet. I dag synest ein det er ei ulukka at vi har så lite att av villsau, for ein dyrerase som dør ut, kjem aldri att. Med to verar som vart innførde frå England til Karmøy fekk vi saueskabb her i landet i 1830. I 1840 hadde vi 200.000 skabbsmitta sau. Berre i Hordaland var skaden av skabben i 1850 20.000 spesiedalar. Vi var plaga av skabb like fram i 90-åra. Dette gjekk også ut over villsauene, mykje vart nedslakta. På Stord i Sunnhordland var det berre att to mann som hadde sau. Seinare tok dyrevernet seg av villsauene, då dei meinte det var dyreplaging å ha utegangssau. Då vart det i Hordaland nedslakta 1500 i ein sleng. Men største nekken fekk villsauene då ein ved statsinngrep tok til å føra inn framande saueslag. Det har ein forresten halde på med like til det siste. Då dyrevernet tok seg av villsauene, var det gjort i den beste meining, for dei visste ikkje at det er like naturleg for villsauene å gå ute om vinteren på dei snøberre øyane i øygarden på Vestlandet som det er for reinen på Hardangervidda. Dei visste ikkje at villsauene er innstilt på å leva av si opplagsnæring om vinteren, dvs. på feittet som sauen har lagt på seg om somaren. Sauene er så sterkt innstilt på dette at det munar lite å setja sauen på feiteføring om vinteren. Sauene vil tæra på haldet sitt og magrast av ved inneføring.

Villsauene er ikkje mykje plaga av sjukdomar, og lamme er uvanleg trivelege og spreke då dei kjem til verda om våren. Når sauen skal lamme, gøymer han seg vekk og kjem fyrst i flokken att når lammet kan fylgja med. I dei ytre bygder er ikkje vinteren til hinder for utegangssauene. Men dei milde vintrane gjev også gode levevilkår for hudsnyltarar på sauen. Av blodsugarar er flåtten eller hundens blodmidde den verste. Ved vask med kreosotolja (1,5 %

kreosotolja og 1,5 % grønsåpa) er det lett å halda sauen fri for sauekrabbe og lus. Men på grunn av flåtten si levevis, er det alltid ny yngel klar til å haka seg fast på sauen straks etter vaskinga, for desse små middene sitt på lyngtoppar og smågreiner ferdige til å vera med så snart det stryk ein smale framom. Dette er til stor plage for sauen, og skinna vert øydelagde, for det svell ofte etter slike bit. I dette høve har ein stor nytte av lyngbrenning, for då vert både snyltarar og smittestoff drepe. No kan ein ikkje utan vidare føra smale frå dei indre til dei ytre bygder, berre fordi flåtten set ein sjodoggliknande sjukdom på sauen på same måten som på feet. Og skinnhandlarane klagar over at det er så mykje vrakskinn i handelen, skabbskinn som dei kallar det. Det er bitet etter flåtten som er årsaka. Dette vonar vi å verta fri då vi får skipa til lyngbrenning etter skotsk mønster. No er det knapt eit storfe eller smale som vert slakta her hjå oss utan dei har flundra (lever-ikter) i levra. For dette kapslar vi med ovinalkapslar, og det hjelper, men på grunn av vårt milde verlag går dyra mykje ute og et smittekim i seg uavlateleg, for smittekimen sitt ein par-tre cm oppå stilken til storgraset, og smittekimen frys fyrst ihel når temperaturen kjem under -6 grader. Ved lyngsviding på berr, frose mark vert flundrelarvekapslane oppbrende.

Ein type av villsauen høver også som pelssau. Både ull- og skinnkvaliteten er god. Let ein sauen gå ein 4 til 6 veker etterat ein har klypt før ein slaktar sauen, vert det ein passeleg lang feld, som høver til fôr i vindjakker, sauskinnsfeldar til sengeklær og til soveposar. Dette syner at villsauen kan gjera nytte for seg både på den eine og andre måten.

Framom alle andre saueslag er villsauen ein typisk lyngsau. Får han eta seg feit på eit godt somarbeite og får noko tilskotsfôr om vinteren når snøen er til hinder for at sauen får tak i lyngen, rører han ikkje furu og gran, derimot ser det ut til at han tek edelgrana. Det treslag han er mest glad i er kristtorn. Då står sauen på to som ei geit for å få tak i kristtornblada, og er han svolten, gneg han borken av unge plantar. Eg er også av den meining at det er ein uting å føre sauen med bar, for det er å læra sauen opp til eit skadedyr på skogen likesom geita.

I staden for barføring til sauen vil eg at vi skal dyrka opp alle myrer i utmarka. Avlinga av dei skal ein setja i silo-stakkar under stort press (2500 kg pr. m²). Då vil ein få det finaste tilskotsfôr som ein berre kan ynskja seg. Då ein fôrar avlinga opp på plassen, slepp ein byggja veger til myrane.

Har ein kulturbeite som ein kan nytta som vår- og haustbeite og tek til med lyngkultur, kan vi auka sauehaldet så det munar. Då kan vi halda så mykje sau at vi får bruk for dei store fjellviddene våre til somarbeite.

I eit skrift om lyng og lyngkultur som konsul Sundfør og stats-

konsulent Kvadsheim gav ut i 1922, seier Kvadsheim: «Hvør man holder lyngen innen kultur ved slått, beiting eller brenning, så den er kortvoksen og tett «ådelyng», anses lyngbeitet for en særdeles stor herlighet til en gård, idet lyngen danner det naturlige grunnlag for saueholdet». Og han seier vidare at «lyngen er uten sammenligning den herskende plante langs hele vårt langstrakte lands kyststrekning, derfor bør ethvert tiltak som tar sikte på å utnytte den hilses med forståelse og velvilje».

No kan ein ynskja konsul Sundfør til lukka med arbeidet hans for skotsk lyngkultur. Tiltaket er motteke med «forståelse og velvilje», og vil sikkert føra fram til stor vinning for saueholdet.

Eg er av dei som meiner at vi kan driva både beite og skogbruk. Då vil eg telja til at skogbruksfolket tek til å elska fram lauvskogen på Vestlandet i staden for buskfurua. Ein har no arbeidd med buskfuruplanting om lag eit halvt hundre år, men det ter lite att. Om det er noko økonomisk vinning av det kjenner eg ikkje til. Og det ser ut for meg som om det er bortkasta arbeid, då dei har drive med buskfuruplanting i Skånevik, der ein dyrkar franske frukt-sortar med godt resultat.

Når det er tale om å freda skogen med kulturbeite, er det riktig å gjerda inn beitefeltet, for då treng ein minst gjerde. Men når ein skal driva lyngkultur og beitebruk på lyngen, må plantefeltet gjerdast inn, for plantefelta vert små samanlikna med dei store viddene som vert bruka til beite. Når lauvskogen kjem noko opp, kan ein også beita sauen i plantefeltet.

For å spara gjerde vil eg telja til at fleire gardar slår seg saman og har villsau i samsvar med eigedomsretten sin, anten etter skyld eller beitevidd.

På eit lyngfelt som er kome i makt etter brenninga vil ein villsau greia seg fint med 2 dekar lyngbeite om vinteren, og lyngen vil ikkje minka eller taka skade. Er det ukultivert lyng, er det ofte snaut med 3 dekar. Silostakkane som ein får ved å dyrka opp myrene i utmarka, skal ein bruka som tilskotsfôr til sauen når han vert lamtung på vårparten. Men ein må syta for å føra slik at sauen vert lyngsvolten. Brukar ein kraftfôr som tilskotsfôr, er saka grei. Då kan sauen få kraftfôret sitt om morgonen, og sauen går på lyngen og finn vomfyll. Fôrar ein med silofôr eller hø som tilskotsfôr, må sauen få det om kvelden. Gjev ein stråfôret om morgonen, ender det gjerne med at sauen ikkje bryr seg med å gå på lyngen.

Her om året, då vi hadde ein streng vinter, totte eg det var for lite å gjeva sauen hø berre om kvelden. Eg sette gardsstyraren min også til å gjeva sauen hø om morgonen. Men det måtte eg slutta med. Dei la seg med krubbene. Dei gjekk ikkje på lyngen. Dei hadde funne ut at dei var kome på «forsorgen».

Dersom eg skulle setja opp eit program eller skipa til ein plan

for arbeidet med lyngkultur etter skotsk mønster og med villsau, vil eg telja til at av dei 2,5 millionar dekar som ein har med lyngvidder, skulle skogbruksfolket få seg tildelt ein halv million dekar til lauvskog. Resten, 2 millionar dekar, skal ein bruka til beite. Av dette store feltet skal ein fyrst taka det ein treng til kulturbeite og like eins vår- og haustbeite til sauene og somarbeite til feet som ikkje skal til fjells. Gjerda inn lauvskog- og plantefeltet. Driva lyngkultur etter skotsk mønster med lyngbrenning av 1/10 av arealet for året på frose mark. Setja all kraft på å dyrka opp alle myrer som vi har i utmarka. Setja avlinga i håstakkar som silofôr. Det skal nyttast som tilskotsfôr til sauene om vinteren saman med silde- og fiskeavfall. Om somaren, så tidleg som det er råd, skal all sau til fjells, og alt ungfø og all unghest. Vi har dei beste fjellbeite som finns i Nord-Europa. Planteslag som fjellmopil (*Salix herbacea*) inneheld 17,6 % protein. Endå om vi gjev sauene kraftfôr heime, veg det ikkje opp med slike beite. Før ein går over til ein slik plan har ein ikkje full nytte av fjellbeita. Men på den måten vert det dobbel vinning. Meir vinterfôr og fleire dyr på fjellbeite.

Det hadde vore forvitneleg å setja opp eit reknestykke over kor stor inntekt ein ville få ved å planta heile feltet til med buskfuru og samanlikne det med inntekta ein vil få av villsauene. Men det torer eg ikkje innlate meg på. Derimot skal eg setja opp eit skjønnsmessig overslag over inntektene ein vil få av lyngheiene ved å nytta dei til beite for villsau.

Etter Jordvernkomiteen si oppgåve skulle ein ha 2 millionar dekar til beite, og skogbruket 1/2 million. Då alt er produktiv mark, har ein beite til 1 million sau. Av dei får ein 800.000 lam. På grunn av den store vekstenergi til villsauene er lamme store om hausten til å vera unna ein så liten sau. Når sauene går på lyngbeite både vinter og somar, vert lamme små fordi beitet er for ringe. Får derimot sauene tilskotsfôr til lyngbeite og kjem på fjellbeite med lamme, er lamme til villsauene like store og større enn lamme til sjeviotsauene. Men då all sau ikkje får like godt stell, går eg ut frå ei slaktevekt av 10 kg jamt over. Eg har vanleg om haustene fenge kr. 35,00 for lamme av villsauene min. Men i dette høve sett eg prisen til kr. 25,00 for kjøt, ull, skinn og innmat. Slakteprisen for vaksne sau sett eg til kr. 35,00.

Reknar ein med at ein kvar haust sett inn 100.000 lam og slaktar 100.000 sau for å halda sauaflokkene ved like og i passande alder, vert det kvar haust slakta 800.000 sau, 700.000 lam og 100.000 vaksne sau. Med dei prisane som er nemnde vert det ei bruttoinnkomme på 17,5 millionar kroner for lamme og 3,5 millionar kroner for dei vaksne sauene. Hertil kjem ulla av den vinterfødde sauene som eg sett til 2 millionar kroner. Samla inntekt 23 millionar kroner. Som frådrag frå dette kjem arbeidet med lyngbrenning, 1/10 av feltet for året, 200.000 dekar à kr. 1,00 = 200.000 kroner. Fjellbeite, førsle og

gjeting 6 millionar kroner. Frådrag i alt 8 millionar kroner. Etter dette skulle det verta ei vinning av 16,8 millionar kroner.

Arbeidet med sauen steller bøndene med sjølve utan utlegg. Eg har heller ikkje teke med kostnad til oppdyrking av myrene i utmarka, for eg er viss om at vinninga vil svara til kostnaden når avlinga kan brukast til sauefôr. Då det er mange som kjenner lite til villsauen, har eg teke med det som eg tenkte var gagn i å vita.

MYRENE I VELDRE ALMENNING, RINGSAKER HERRED.

Av sekretær J. Heggelund Smith.

Det norske myrselskap foretok sommeren 1943 etter rekvisisjon av almenningen en undersøkelse av myrene i Veldre almenning. Markarbeidet er utført av undertegnede, og undersøkelsene er foretatt etter de samme retningslinjer som ved myrselskapets tidligere myrinventeringer.*)

Det vil her bare bli gitt en ganske kort oversikt over de viktigste data. Interesserte vil for øvrig kunne få nærmere opplysninger om de enkelte myrer ved henvendelse til Det norske myrselskap.

Veldre almenning ligger i Ringsaker herred. Storparten av almenningen ligger vest for Brumunda og grenser i nord til Nes almenning, i sør til Veldre bygd, i vest til Ringsaker almenning og i øst til Nes almenning og Veldre bygd. Den del som ligger øst for Brumunda grenser i nord til Nes almenning, i øst til Furnes almenning og i sør og vest til Veldre bygd.

Kartgrunnlaget for undersøkelsen har vært almenningskart i målestokk 1:10 000. På grunnlag av almenningskartet har vi utarbeidet kart i 2 blad over myrene i almenningen hvor de forskjellige myrtyper er utskilt med særskilt skravering. Videre er alle myrer nummerert med fortløpende nummer og innført i tabell med angivelse av myras nummer, beliggenhet i forhold til høyde over havet, samlet areal og areal av de forskjellige myrtyper, myras dybde og undergrunnens beskaffenhet. Endelig er den noværende og framtidig mulige utnyttelse notert og dessuten forskjellige merknader. På grunn av plassmangel vil karter og tabell ikke bli tatt med her.

Almenningens areal utgjør ifølge oppgaver av almenningsbestyreren:

*) Jfr. Aasulv Løddesøl: Det norske myrselskaps myrinventeringer, Medd. fra D. n. m. 1941, og Aasulv Løddesøl og Johannes Lid: Botaniske holdepunkter ved praktisk myrbedømmelse, Medd. fra D. n. m. 1943.